



---

## SVAR PÅ HØYRINGSNOTAT OMFORSLAG TIL ENDRINGAR I OPPLÆRINGSLOVA OG PRIVATSKULELOVA

Kunnskapsdepartementet har lagt fram høyringsnotat med forslag til endringar i lov 17. juli 1998 nr 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) og lov 4. juli 2003 nr 84 om private skolar med rett til statstilskot (privatskulelova)

Høyringsnotatet inneheld følgjande forslag til endringar:

- Endra bestemminga om leksehjelp slik at kommune/den private skulen sjølv kan bestemma på kva for klassetrinn i grunnskulen ein vil gje leksehjelp
- Innføra rett til grunnskuleopplæring og vidaregåande opplæring for ungdom over opplæringspliktig alder som er under 18 år, og som søker om opphaldsløyve i Noreg
- Oppheva plikta kommunar og private skular med rett til statstilskot har i dag til å gje elevane gratis frukt og grønnsaker.

Ein tek sikte på å endra lova frå 1. august 2014.

Time kommune har følgjande kommentarar til forslaget om lovendring:

### Kap. 2: Leksehjelp

Time kommune støttar forslaget om å endra opplæringslova slik atplikten til å gje leksehjelp blir oppretthalden, men at kommunen står fritt til å organisera leksehjelps tilbodet på dei klassetrinna som ein finn det mest tenleg å gje leksehjelp på.

I Time kommune ser ein at det særleg på 1. klassetrinn er lite tenleg å gje leksehjelp, og også at det kan vera andre elevgrupper enn 1. – 4. trinn som treng leksehjelp. Ei endring av lovforslaget som inneber at kommunen kan styra leksehjelpe til dei elevgruppene som treng det mest, vil kunna føra til større effekt av leksehjelpe og føra til meir læring.

Time kommune vil likevel peika på at dersom ein skal oppnå formålet med leksehjelpe- «å gje eleven støtte til læringsarbeidet, kjensle av meistring, gode rammer for sjølvstendig arbeid og medverke til utjamning av sosiale forskjellar i opplæringa», er det særst viktig at ein kan nytta lærarar i arbeidet med leksehjelp. Dette vil særleg vera tilfelle dersom ein ønskjer å gje leksehjelp på ungdomstrinnet.

Kap 3: Rett til grunnskuleopplæring og vidaregåande opplæring for ungdom over opplæringspliktig alder som er under 18 år, og som søker opphaldsløyve.



Time kommune støttar forslaget til lovendring som vil gje unge mellom 16 og 18 år rett til grunnskuleopplæring. Det er viktig at tilskotsordninga « tilskot til opplæring av unge asylsøkjjarar og barn av asylsøkjjarar» blir endra slik at den også vil omfatta familiegjeforeining. For små kommunar kan det bli svært kostbart å etablere eit eige grunnskuletilbod til ungdommar mellom 16 og 18 år som t.d har liten eller ingen skulegang frå det landet dei kjem frå. Difor må det finnast ordningar som gjer at kommunane kan få tilskot til slik opplæring.

Kap 4: Forslag om å oppheva plikta kommunen har til å gje gratis frukt og grønsaker.

Time kommune støttar forslaget om å oppheva plikta kommunar har til å gje elevane gratis frukt og grønsaker.

Pamela Sudmann  
Fagsjef skule

Reidun Roe Bohne  
rådgjevar

